

Fiskeridirektoratet
Nærings- og fiskeridepartementet.

Bekkjarvik 29.10.20

Linnea, Vincent og Leonard Fagerbakke Heggland
Nordrevågen 17
5397 Bekkjarvik

Uttale om Fiskeridirektoratets regulering og endring på teiner til leppefiske 2021.

Ungdomsfiskeordninga skal bidra til rekruttering til fiskerinæringa, og er samstundes ein svært effektiv og relevant opplæringsarena for unge fiskarar. I vår heimkommune, Austevoll, er ungdomsfiske ein attraktiv jobb ved sida av skule og studie, og svært mange ungdommar deltek, både jenter og gutter. Likevel, det er tunge investeringar som skal til for å kunne delta i ordninga. Teiner, tau og reiskap skal kjøpast inn, og det er store driftsutgifter til drivstoff. I tillegg kjem utfordringa med at kvar ungdomsfiskar må fiske frå eigen båt. Når ein er 3 sysken, slik me er, må ein altså fiske frå tre båtar, i staden for at me kan hjelpe kvarandre og fiske frå same båt, som gjerne er familieeid. Dette ville vore meir fornuftig, både med tanke på tryggleik og kunnskap om sjømannskap. Ein kan få ungdomsfiskekvote frå det året ein fyller 12 år, men har ikkje lov til å føre båten ein skal fiske med – som gjerne eit eldre sysken har.

Det er altså mange hinder ein skal over for å få til eit fiskeri som er både trygt og lønsamt for ein stakkar ungdom! Og no ynskjer altså HI og Fiskeridirektoratet å legge på oss enno meir utgifter og arbeid. Dei nye reguleringane for 2021 vil føre til at nye teiner må kjøpast inn, ei utgift på min kr 10.000 for 20 teiner. I tillegg kjem arbeidet med å rigge lenkene om, noko dei fleste av oss treng hjelp med frå vaksne. Og attpåtil lever ungdommane i uvisse om ein i det heile tatt får leveringsavtale på fisken, kanskje fram til rett før fiskeriet opnar. På den tida skal det skaffast teiner – noko som kan bli vanskeleg når yrkesfiskarane òg må fornya bruket sitt og kjøper store kvantum - rigga tau, blåser og registrere dokumentasjon, installere appar og ringe til VNF anna kvar dag for å få informasjon om årets endringar og nye ordningar.

Eit anna stort problem, slik me ser det, går på bærekraft, som det vert snakka høgt og varmt om. Å kassere 60 teiner brukt i 2 sesongar (20 av dei i berre ein sesong, faktisk!), er lite bærekraftig – og omfanget blir desto verre når ein tenker over kor mange teiner som er i bruk over heile kysten. Når det i tillegg ikkje verkar som om berggyltebestanden går ned, slik erfarte leppefiskarar hevdar, og slik me sjølv såg i sommar, ser me med undring på forslaget til endring. Det var heller ikkje bifangst i teinene, noko som tyder på at dei er svært godt eigna til fiske av akkurat grasgylt, grøngylt og bergnebb.

Som deltakrar i ungdomsfiskeordninga dei to siste somrane, har underteikna investert store summar i innkjøp og klargjering til fiske. Dersom desse investeringane berre skal gjelde for to år, ser det dårleg ut for framtidig rekruttering, det er rett og slett ikkje lønsamt.

Med helsing,
Linnea Fagerbakke Heggland, Vincent Fagerbakke Heggland, Leonard Fagerbakke Heggland
Ungdomsfiskarar